

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 17/3381-1

Filmsatsing i Sogn og Fjordane 2017

Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Zefyr AS (tidl. Fuzz AS) får 100 000 kr i driftsstøtte i 2017
- 2 Western Norway Film Commission får 200 000 kr i driftsstøtte i 2017
- 3 Tilskotet til Western Norway Film Commission vert dekt med midlar frå utviklingsfond for næring
- 4 Vestnorsk filmsenter får 100 000 kr i driftsstøtte i 2017
- 5 Tilskotet til Vestnorsk filmsenter og Zefyr vert dekt med midlar frå programområde 400/4005 «Til disposisjon for hovudutval næring og kultur»

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I denne saka vert tre søknader om tilskot til dei regionale filmaktørane handsama:

Søknad om støtte til nærings- og samfunnsutvikling:

1. Zefyr AS (tidl. Fuzz AS) søker om 200 000 kr i 2017, med ønske om ei treårig avtale frå 2017 - 2019
2. Western Norway Film Commission søker om 300 000 kr i 2017

Søknad om kulturmidlar:

3. Vestnorsk filmsenter søker om 300 000 kr i 2017.

Søknaden frå Zefyr og WNFC er handsama av Ingvild Andersen, rådgjevar ved næringsseksjonen. Søknaden frå Vestnorsk filmsenter er handsama av Sissel Lillebø Aarseth, fagkoordinator ved kulturseksjonen.

Historikk

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare gitt slik driftsstøtte (tall i hele tusen):

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Sum
Vestnorsk filmsenter	300	300	300	300	300	300	100	100	2 000
Vestnorsk filmkomisjon	300	300	300	300	300	300	200	300	2 300
Fuzz AS				200	200	200	100	200	900
Sum	600	600	600	800	800	800	400	600	5 200

Nærare omtale

Zefyr AS (tidl. Fuzz AS)

Zefyr søker om eit tilskot på 100 000 kr i 2017, og føreslår at det vert inngått ei samarbeidsavtale for perioden 2017 – 2019.

Zefyr AS er filmfondet for Vestlandet og Sørlandet. I 2016 inngikk filmfondet avtale med Rogaland og Sørlandet, og betener no eit område frå Møre og Romsdal til Telemark. Motivasjonen for samanslåinga er mellom anna auka støtte frå Kulturdepartementet. Bergen kommune og Rogaland fylkeskommune eig fondet. Dei resterande fylkeskommunane og kommunane er ikkje på eigarsida, men gir tilskot gjennom samarbeidsavtalar.

Oversikt over gjeldande avtalar for Zefyr AS:

Fylke	Sogn og Fjordane	Hordaland	Rogaland	Møre og Romsdal
Status	Søknad vert handsama no	Avtale t.o.m. 2017 Kr. 900 000/år	Fast tilskot Kr. 1 700 000/år Eigar 43,5%	Avtale t.o.m. 2017 Kr. 451 000/år
Fylke/ kommune	Fylkeskommunane Telemark, Vest-Agder, Aust-Agder og kommunane Arendal og Kristiansand			Bergen kommune
Status	Avtale t.o.m. 2018 Totalt: Kr. 710 000 Inkl. årleg inflasjonsjustering			Fast tilskot Kr. 900 000/år Eigar 56,5%

Ei ny føring frå Kulturdepartementet vil gjelde i perioden 2016-2018, og kanskje lenger. Kulturdepartementet gir eit fast tilskot på 928 000 kr per fylke som er tilknytt fondet. I tillegg kjem ei aktivitetsbasert ramme på totalt 7 mill. kr. Om samarbeidskonstellasjonen endrar seg, kan det medføre kutt i den statlege overføringa til Zefyr.

Tiltak i 2017, byggjer på selskapets pågåande aktivitet og mål:

- Finansiere langfilmer, seriar og dataspill med forankring i regionen
- Delta i bransjehevande tiltak (i samarbeid med filmsentra)
- Marknadsføre landsdelen som opptakssted (i samarbeid med filmkommissjonen)

Western Norway Film Commission

Vestnorsk filmkommissjon (WNFC) søker om eit tilskot på 300 000 kr i 2017.

WNFC marknadsfører og legg til rette for at Sogn og Fjordane vert innspelingsstad for nasjonale og internasjonale film- og tv-produksjonar. Filmkommissjonen tilbyr internasjonale prosjekt gratis informasjon om norske filmproduksjons- og finansieringsforhold, dei arrangerer synfaringar for produsentar, regissørar, produksjonsdesignarar og «location scouters», og dei gir innleiande hjelp til budsjettering av moglege innspelinger.

Regjeringa har innført ei intensivordning som refunderer 25% av kostandene utanlandske produsentar har i Noreg. Intensivordninga er filmkommissjonens viktigaste verkemiddel for å auke aktiviteten i fylket.

I perioden 2017-2018 er filmkommissjonen representert i styret til den globale alliansen av filmkommissjonar, Association of Film Commissioners International (AFCI).

Tiltak i 2017:

- Manusworkshop i Balestrand
- Marknadsføre regionen
- Arrangere synfaringar av innspelingsstader
- Nettverksarbeid (både i Noreg og i utlandet gjennom EFCN¹ og AFCI)
- Kartleggje regionen for å skape ein filmvenleg region

Vestnorsk filmsenter

Vestnorsk filmsenter (VF) søker om kr 200 000 i driftstilskot for 2017.

VF er ein del av staten og regionen sitt verkemiddelapparat for film og den profesjonelle bransjen. Dei gir tilskot til utvikling og produksjon av kort- og dokumentarfilm, samt støtte til manusutvikling. Vidare vert det gitt støtte til kompetansehevande tiltak og talentutvikling, og tiltak retta mot born og unge. I 2017 vert dette arbeidet vidareført, og i Sogn og Fjordane skal VF ha fokus på å opprette nye arenaer for samarbeid, spesielt knytt opp mot ungdom. Vidare arbeider VF

¹ European Film Commissions Network (EFCN)

samen med de andre regionale filmsentra for at Kulturtanken også skal ha fokus på filmfeltet og oppretthalde gode prosjekt innanfor feltet.

Til saman disponerer VF 4 årsverk, i tillegg er det knytt eit årsverk til WNFC.

Å byggje opp filmkompetanse i Sogn og Fjordane er eit langsiktig mål. Fylket får gjennom samarbeidet tilført kompetanse og tilgang på eit omfattande nettverk og system for kompetanseheving, samt tilgang på midlar. VF er rådgjevande organ for fylkeskommunen på filmområdet.

Tiltak i 2017:

- Byggje opp kontaktpunkt ml. Lokale miljø og VF. Dette har vore vanskeleg sidan Firda VGs la ned medielina. Samarbeidet med Sogndal og Hafstad VGs. aukar. Fagdag og manusworkshop vert planlagt.
- eQuinox Europa kjem til Balestrand i 2017. Dette er eit anerkjent manusprogram.
- Vidareutvikle prosjekt som har fått utviklingsstønad frå VF der ein har sterk tilknytning til Sogn og Fjordane. M.a. dokumentarprosjektet Flammen over Jølster (Astrup) og spelefilmprosjektet Kystagentene (Northwestwood).

Kostnads- og finansieringsplan (henta frå søknaden)

Kostnadsplan, Zefyr AS

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	Sum
Andre kostnader	1 785 000					1 785 000
Personalkostnader	3 526 852					3 526 852
Sum kostnader	5 311 852					5 311 852

Finansieringsplan, Zefyr AS

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	Sum
Finansinntekter, salsinntekter (husleige)	33 102					33 102
Provisjonsinntekter	400 000					400 000
Bergen kommune	900 000					900 000
Hordaland fylkeskommune	900 000					900 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	451 000					451 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	200 000					200 000
Rogaland fylkeskommune	1 700 000					1 700 000
Fylka Vest- og Aust- Agder, og kommunane Kristiansand, Arendal	727 750					727 750
Sum finansiering	5 311 852					5 311 852

Kostnadsplan, WNFC

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	Sum
Synfaringar	170 000					170 000
Driftskostnader	110 000					110 000
Marknadsføring	100 000					100 000
Personale	670 000					670 000
Prosjekt	200 000					200 000
Reise	123 000					123 000
Sum kostnader	1 373 000					1 373 000

Finansieringsplan, WNFC

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	Sum
AFCI-styrehonorar	13 000					13 000
Hordaland	500 000					500 000
Møre og Romsdal	560 000					560 000
Sogn og Fjordane	300 000					300 000
Sum kostnader	1 373 000					1 373 000

Kostnadsplan, Vestnorsk filmsenter

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	Sum
Prosjektkostn.	15 450					15 450
Lønskostn.	3 400					3 400
Anna	1 600					1 600
Sum kostnader						20 450

Finansieringsplan, Vestnorsk filmsenter

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	Sum
Driftsinntekter	20 300					20 300
Driftsresultat	-150					- 150
Sum inntekter						2 450

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesdirektøren viser til Filmmelding for Vestlandet der dei fire fylkeskommunane – via Vestlandsrådet – har peika på ønskje om ein aktiv filmpolitikk. I Meld. St. 30 (2014-2015) – «En framtidrettet filmpolitikk» trekkjer regjeringa, med tilslutning frå Stortinget opp filmpolitikken framover der dei legg stor vekt på regionale satsingar. Tilrådingane i saka her er eit forsøk på å tilpasse oss både vår eiga filmmelding, men også den nasjonale filmpolitikken innan dei økonomiske rammer vi har.

Det er viktig for Sogn og Fjordane at det blir produsert og arbeidd med film i fylket. Det set oss på kartet, og kan vere med å marknadsføre regionen på ein god måte. Ferdige produksjonar gir auka merksemd mot Sogn og Fjordane. Film er ein viktig ambassadør for fylket samtidig som den skapar identitet og tilhørslse.

Vestnorsk filmsenter sitt arbeid er med og støttar opp om kulturstrategien si satsing på profesjonell kunst og kultur i fylket. Dei støttar og legg til rette for kompetanseheving for filmskaparar i vestlandsfylka, også unge talent på veg opp og fram. Fylkesdirektøren vurderer at ein gjennom dialog med Vestnorsk filmsenter vil freiste å auke aktiviteten i fylket og på sikt auke tilskotet til Vestnorsk filmsenter.

Produksjonar som TV-seriar, film, dokumentarar og liknande skapar direkte verdiar i form av handel, omsetnad og aktivitet på den fysiske staden. Sluttproduktet vert ein god ambassadør for staden. Dette kan bidra til å fremme kultur, natur og reisemål i fylket. Tidlegare produksjonar har vist at tal gjestedøgn aukar, samtidig som produksjonane legg igjen store summer i fylket. Fylkesdirektøren vurderer difor at det er viktig å støtte opp om Filmkommisjonen sitt arbeid med lokalisering av innspelningar til fylket. Som det siste ledd i kjeda er det også viktig å støtte Zefyr som finansieringsaktør. Sogn og Fjordane står føre ei usikker framtid med tanke på regionsamanslåinga. Fylkesdirektøren vurderer at det difor er vanskeleg å inngå ei treårig samarbeidsavtale med Zefyr AS og innstiller på eit eittårig tilskot.

Fylkessamarbeidet styrker posisjonen til Vestlandet i forhandlingar med norske og internasjonale produsentar som vurderer å flytte filmprosjekta sine hit. Som støttegivar til filmselskapa aukar sjansen for nye innspelningar i Sogn og Fjordane og fylket vil framleis ha tilgang til filmkompetanse.

Auka grad av samarbeid mellom fylke og kommunar på Vestlandet påverkar dei statlege overføringane frå Kulturdepartementet til filmselskap.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår å gi støtte, men ikkje inngå samarbeidsavtale med Zefyr. Den samla støtta løfter filmproduksjon i Sogn og Fjordane, og har positiv effekt på kultur og næringsutviklinga i fylket.